

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

5. søndag i påsketida – 29.april 2018

Preiketekst: Luk 13,18-21

Lesetekst I: 1 Kong 17,8-16 / Apg 2, 42-47

Lesetekst II: Rom 12,1-3

«Som et tre med mektig krone» - To likningar om Guds rike

Til dagen:

Mellom oppstoda og himmelfarten, i påsketida, har vi fått denne søndagen, som ein dag med vekt på Jesu undervisning om Guds rike for læresveinane. Denne dagen oppmuntrar oss til å sjå at Gud gjev vekst i sitt rike!

Gjennom dei to likningane om sennepsfrøet og surdeigen vert det vist den fine samanhangen det er mellom den vesle byrjinga og den mektige fullendinga.

Med GT- teksten om enka i Sarepta blir vi minna om Guds lovnad til den som legg det vesle ein har i Guds hender, og at Gud sørgjer for veksten.

Med Jesus kjem Guds rike til oss, som eit verdensvidt rike. Det gjeld å vere nær hans gode kjelder, slik at ein vert berar av det største kjærleiken verda vår har sett. I han er vi menneske greiner på det sanne vintreet. I det ligg vern og tryggleik frå no og til evig tid.

Gudsrike- likningane hos Jesus:

Jesus kunne bruke bilete frå kvardagslivet: Folk kjente seg igjen i det han sa.

I teksten søndag er det to bilete han brukar. Dei handlar om hagearbeid og brødbaking.

Sennepsfrø er vel ikkje det me oftast legg i jorda her hos oss, men at frø spirer og kan bli noko stort, har dei fleste erfart. Det er eit av naturen sine under.

Sennepsfrøet er utruleg lite. Det går opptil 760 frø på eitt gram! Det kan me lese i fotnotane i Bibelen 2011. Når det veks opp, kan det bli eit tre på 3-4 meter høgde!

Når me bakar bollar og brød, brukar me i dag gjær, for at deigen skal heve. Det handlar den andre likninga om. Gjær hadde dei ikkje på Jesu tid. Istaden tok dei vare på eit lite stykke av den gjæra deigen frå forrige gang, og så la dei den i den nye deigen. Resultatet då óg vert noko stort!

Med desse likningane vil Jesus seie oss, at slik er det med Guds rike. Det kan sjå ganske spinkelt og lite ut, men ein gong skal spirekrafta i det vise seg.

Då Jesus døydde på krossen, såg det ut til at alt det han forkynte vart lagd i grus. Slik gjekk det ikkje. Han stod opp igjen, og Guds rike breidde seg utover. Dette riket verkar likevel mange gonger til å stampe i motvind og i dag. Det ser ikkje alltid så stort og glitrande ut. Det møter trengsel og motstand. Ein trudde kanskje at ein dag så ville det gode i dette riket gjennomsyre alt og alle. Altfor ofte ser tvert imot det vonde ut til å sigre.

Ulike tolkingar av likningane:

I teologien og forskinga har desse likningane vore mykje diskuterte: Korleis skal ein forstå dei? Er det slik at samfunnet meir og meir skal bli gjennomsyra av Guds rike sine krefter? Kjem Guds rike når kristen tru, og gjerne moral, får gjennomslag i samfunnet? Slik har det blitt hevda av einssilde retningar.

Professor Sverre Aalen ved MF har gjort eit stort arbeid og gav ut boka «Guds Sønn og Guds rike» (Universitetsforlaget 1973). Her hevdar han at Guds rike først og fremst er ein *frelshistorisk* storleik. Riket går fram ved at Guds ord kallar menneske til omvendning og tru. Ved denne verda sin ende kjem Guds rike fullt og heilt gjennom ei rekke krise og *eskjatologiske* hendingar. Dagen kjem då Gud samlar folket sitt frå alle verdensdelar. Ein dag vert alt nytt! Det skjer gjennom dom og nyskaping.

Ein tråd i Bibelen:

Salme 104,12: «der finn fuglane under himmelen bustad, dei syng mellom greinene»

I Daniels bok kap. 4.10ff høyrer vi: «Og sjå eit stort tre stod midt på jorda. Det var svært høgt. Treet voks seg så stort og sterkt at det nådde ti himmelen og var synleg til enden av jorda» (v.11)

I Esekiel 17,23: «På Israels høge fjell plantar eg det. Det skal få greiner og bera frukt og bli ein staut seder. Alle slags fuglar skal bu i det...»

Der er evige lovnader om det som skjedde blant Israels fjell! I det kjente Rom 11, underviser Paulus oss om «Frelse for heidningane – Frelse for Israel».

Sentral salme:

I salmeboka på nr.360 står det ein flott salme, skriven av presten Olaf Hillestad i 1973.

Jesus, du har brakt Guds rike
nær i ord og sakrament!
For dets makt må Satan vike,
troens djerve ild er tent.
Nakent kors og åpen grav
er de seierstegn du gav.

Mild og sterk på nådens trone
triumferer du, Guds Lam!
Som et tre med mektig krone
skal ditt rike vokse fram.
Over hav og kontinent
skal din seier gjøres kjent

Jesus, kom og vær til stede,
døp ditt folk med Ånd og ild!
Fyll vårt liv med ekte glede,
så vi lever slik du vil.
Rust oss ut til ærlig strid,
til å gå mens det er tid.

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no